

**SULA KOMMUNE**  
**Kontrollutvalet**

**MØTEINNKALLING**

---

15.10.2010

Kopi til:  
Ordføraren  
Revisor  
Rådmannen

Medlemene av  
Kontrollutvalet

**INNKALLING TIL MØTE I SULA KONTROLLUTVAL**

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**måndag, 22.10.2012 kl. 14.00 på  
kontrollutvalsekretariatet sine lokalar i Skeidarbygget**

**SAKLISTE:**

- Sak 10/12 - Godkjenning av møtebok frå møte 3. september 2012
  - « 11/12 - Budsjettkontroll 2. tertial 2012
  - « 12/12 - Plan for forvaltningsrevisjon – Sula kommune
  - « 13/12 - Eventuell gjennomgang av tema frå utvala sine møtebøker
- Eventuelt

Saker under eventuelt kan meldast inn til kontrollutvalsekretariatet før møtet eller seinast i møtet.

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post [kontrollutval@kontrollutval.no](mailto:kontrollutval@kontrollutval.no).

Jim Arve Røssevoll  
leiar  
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I  
SULA KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 03.09. 2012, kl.14.00

Møtestad: Kontrollutvalsekretariatet sine møtelokalar, Lerstadvegen 545

Møtet vart leia av Jim Arve Røssevoll

Elles til stades:

Marit Løvoll, Svein Værnes, Gunnvor Reistad Aannø

= 4 voterande

Jan Arild Lied var ikkje tilstades

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte: Dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møtte: Revisjonsrådgjevarane Svein Ove Otterlei og Jens Sæter

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

**SAK 04/12**

**GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 31. MAI 2012**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 31. mai 2012 blir godkjent.

**SAK 06/12**

**FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT NR. 01/2012 – GJENNOMGANG AV  
SJUKEFRÅVÆR I SULA KOMMUNE**

Innstilling datert 24.08.2012 frå kontrollutvalsekretariatet.

**Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:**

1. Kommunestyret tek forvaltningsrevisjonsrapport nr. 01/2012 – Gjennomgang av sjukefråvær i Sula kommune til orientering.
2. Kommunestyret ber rådmannen vidareføre det gode arbeidet og fokuset som rettar seg mot sjukefråværet i dei kommunale driftseiningane.

3. Rådmannen blir bedt om å merke seg revisjonens forslag til forbetringar og legge vekt på desse områda i det vidare arbeidet.
4. Kontrollutvalet får tilbakemelding om forbettingsarbeidet innan 31.12.2012.

**SAK 07/12**  
**BUDSJETT 2013 – SULA KONTROLLUTVAL**

Innstilling datert 24.08.2012 frå kontrollutvalsekretariatet.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Budsjettet for kontrollutvalet sin opplærings- og reiseaktivitet blir sett til 60.000 kroner.

**SAK 08/12**  
**EVENTUELL DELING AV ARBEIDSOPPGÅVER PÅ MEDLEMMANE I  
KONTROLLUTVALET**

Ulike tema som profilering, forholdet til kommunestyret og media vart drøfta. Når det gjeld fordeling av konkrete arbeidsoppgåver, vart det på noverande tidspunkt prioritert ein gjennomgang av kommunale saksdokument .

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Saksdokumenta til fagutvalet for kultur, næring og miljø samt fagutvalet for prosjektering, bygg og drift blir gjennomgått av Jim Arve Røssevoll. Marit Løvoll tek saksdokumenta i fagutval for helse og sosial og Svein Værnes tek fagutvalet for oppvekst. Gunnvor Reistad Aannø går gjennom saksdokumenta til formannskapet og det faste utvalet for plansaker.

**SAK 09/12**  
**DRØFTING AV TEMA FOR FORVALTNINGSREVISJON OG  
SELSKAPSKONTROLL**

Av tema som vart drøfta vedkomande forvaltningsrevisjon var praktisering av svar/behandlingsfristar i kommunen og vedtaksoppfølging. For selskapskontroll var kommunen si rolle som eigar nemnt. Det kan også vere aktuelt med ein forvaltningsrevisjon inn mot selskap.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Saka blir å kome tilbake til når overordna analyse er ferdigstilt.

**SAK 05/12**

**OPPGÅVER FOR KONTROLLUTVALET, OVERSIKT OVER SAKSTYPAR OG  
ÅRSHJUL**

Det kom fram ønskje om å lage til eit årshjul, i første omgang med dei obligatoriske oppgåvene til kontrollutvalet. Utover dette vart nemnt forhold som gjennomgang av avviksmeldingar i kommunen, gjennomgang av tilsynsrapportar frå fylkesmannen og varsling. Eit komplett årshjul vil måtte kome i 2013.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet vil arbeide vidare med temaet og saka blir å kome tilbake til.

Jim Arve Røssevoll  
leiar  
(sign.)

Marit Løvoll  
medlem  
(sign.)

Svein Værnes  
medlem  
(sign.)

Gunnvor Reistad Aanno  
medlem  
(sign.)

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 15.10.2012

**SAK 11/12  
BUDSJETTKONTROLL 2. TERTIAL 2012**

Som vedlegg følger:

- Saksdokument frå formannskapssak 088/12

Det går fram av budsjettforskriftene at:

«Administrasjonssjefen, eventuelt kommune- eller fylkesrådet, skal gjennom budsjettåret legge fram rapporter for kommunestyret eller fylkestinget som viser utviklingen i inntekter og innbetalingar og utgifter og utbetalingar i henhold til det vedtatte årsbudsjett. Dersom administrasjonssjefen eller kommune- eller fylkesrådet finner rimelig grunn til å anta at det kan oppstå nevneverdige avvik i forhold til vedtatt eller regulert årsbudsjett, skal det i rapportene til kommunestyret eller fylkestinget foreslå nødvendige tiltak»

Av kommentarane til § 10 går det fram at det skal skje rapportering til kommunestyret om den faktiske utviklinga i inntekter og utgifter sett i forhold til dei inntektene og utgiftene som er ført opp i årsbudsjettet. Rapporteringa skal skje med jamne mellomrom og minimum to gongar i året. Ved tilstrekkelege avvik skal det settast i verk tiltak. Med tiltak blir det meint ikkje berre justeringar av dei oppførte inntektene og løyyingane som er nødvendige for å sikre/oppretthalde kravet om balanse i årsbudsjettet, men også mulige tiltak innanfor budsjetttrammene som t.d. å endre innhald i det kommunale tenestetilbodet.

Det går fram av vedlagte dokument at prognosane på kommunen sitt resultat ekskl. renter og utbytte er på 5,3 mill.kroner.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Harald Rogne  
dagleg leiar

# SAKSFRAMLEGG

---

Saksbehandlar: Britt Jorunn Blindheim Arkiv: 151  
Arkivsaksnr.: 12/824 - 8

---

## BUDSJETTKONTROLL 2. TERTIAL 2012

<b>Utval:</b> Formannskapet Kommunestyret	<b>Møtedato:</b> 16.10.2012 25.10.2012	<b>Saksnr.:</b> 088/12
---	--	---------------------------

**Rådmannen si innstilling:**  
Budsjettkontroll pr. 2. tertial vert tatt til vitande.

**Vedlegg:**

Dok. dato	Tittel	Dok.ID
09.10.2012	Budsjettkontroll 2 ter sula kommune 2012 siste versjon.xlsx	171792
10.10.2012	Vedlegg til Budsjettkontroll 2. tertial 2012	171932

Eige hefte med budsjettkontroll frå sektorleiing og driftseininger.

**Innleiing**

Rapporten er basert på einingsleiarane sine tertialrapporter og kommunalsjefane sine vurderingar. Vedlagt denne budsjettkontrollen følgjer også rapportar frå kommunalsjefar, og einingsleiarar; Prosjektering, bygg, drift og Plan, byggesak, oppmåling.

**Vurdering:**

### Lønnsoppgjør og pensionsutgifter

Dei sentrale forhandlingane for 2012 er no ferdig og berekningane viser at dei avsette midlane er tilstrekkelig.

### Frie inntekter

	Budsjett	Ny prognose 01.mar	kom.øk.prp.	Auke
Rammetilskot	195 735	195 735	195 945	210
Inntektsutjamning	16 678	20 494	20 798	4 120
Skatt	163 057	159 649	162 271	(786)
<b>Sum</b>	<b>375 470</b>	<b>375 878</b>	<b>379 014</b>	<b>3 544</b>

KS sin prognose over forventa frie inntekter pr. 1. mars viste ei samla auke på 0,4 mill. Etterberekinga her er på bagrunn av endeleg skattetal 2011 og folketal pr. 01.01.2012. Prognosene som vart utarbeidd etter Kommuneøkonomiproposisjonen viser ei ytterlegare auke på 3,1 mill. kroner. Samla vart auken på 3,5 mill. kroner i forhold til det vedtekne årsbudsjettet. Auke på rammetilskotet skuldast nye berekingar for barnehageområdet. I statsbudsjettet som vart framlagt 8. oktober viste skatteprognosene ei ytterlegare auke på 2,9 mill. kroner. Samla vert då frie inntekter 6,4 mill. kroner over budsjettet.

### Renteutgifter og renteinntekter

Rentenivået er lågare enn budsjettet årsprognose viser omlag 1,2. million kroner, men vi vil også få redusert inntekter på områder knytt til husbank og statsobligasjonsrente slik at det netto ikkje vil gi noko utslag.

### Utbytte og inntekter på bankinnskot

Pr. 31.08.12 er utbytte og renteinntekter på 5,7 mill. kroner, budsjettet er på 5,3 mill. kroner. Vi bruker ikkje å regulere budsjettet i løpet av året med avvik i utbytte slik at vi ikkje legg inn forventa avvik på budsjettavvik skjemaet.

### Kompensasjon av meirverdiavgift på investeringar

Det er budsjettet brukt kr. 674.000 av mva kompensasjon investeringar i driftsrekneskapen, vi har til nå fått inn kr. 592.000 så det ser greitt ut.

### Ressurskrevjande brukarar

Inntektene vil bli kr. 529.000 lågerer enn budsjettet av di det var for mykje rekneskapsført i 2011. Systemet er slik at inntekta skal førast i rekneskapsåret på bakgrunn av best mogeleg anslag, og utbetaling får ein året etter. For 2011 var anslaget for høgt på grunn av endra krav i forhold til berekning av refusjonskravet.

### Tilskot private barnehagar

Vi kan her forvente eit overforbruk på om lag 1,9 mill. kroner knytt til barn i private barnehagar i Ålesund kommune og barn frå Ålesund kommune i privatebarnehagar i Sula Rekning frå Ålesund til Sula kommune aukar, medan rekning frå Sula til Ålesund minkar, nettoutgift her ser ut til å verte om lag 1,9 mill. høgare enn budsjettet. Inkludert i talet er (eit ukjent tal) plassar til barn utan rett i haustsemesteret.

I det totale kostnadsbiletet for barnehagane her i Sula, utgjer ti plassar til barn utan rett ein kostnad på 1.7 mill. Desse kostnadane vert ikkje refundert i overføringar frå staten.

Endeleg berekning av tilskotet skjer i februar på bakgrunn av rekneskap for 2012.

**Prognosar for dei ulike einingane**

Alle einingane har gått igjennom sine rekneskap/budsjetter for å lage prognose for budsjetten året, samla er det forventa eit negativt avvik på 589.000,- kroner.

**Vurdering:**

Prognose for kommunen, eksl. Renter og utbytte, er eit mindreforbruk på 5,3 mill. kroner. I tillegg kjem eventuell meirinntekt på renter og utbytte.

**Saksopplysningar**

**Vurdering:**

Edvard Devold

Britt J. Blindheim  
økonomisjef

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 15.10.2012

**SAK 12/12  
PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON – SULA KOMMUNE**

Forvaltningsrevisjon er i forskrift om revisjon § 7 første ledd definert som systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknadar ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnadar, herunder om:

- a) Ressursar blir brukt til å løyse oppgåver i samsvar med vedtak og føresetnadar
- b) Ressursbruk og verkemiddel er effektive i forhold til måla som er sett
- c) Regelverket blir etterlevd
- d) Styringsverktøy og verkemiddel er tenlege
- e) Grunnlaget for vedtak i politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav
- f) Resultata i tenesteproduksjonen er i tråd med føresetnadane og om resultata er nådd

Forvaltningsrevisjon er med andre ord meint å vere ein reiskap for det øvste politiske organet i samband med å føre tilsyn og kontroll med forvaltninga og dei resultata som blir oppnådd.

Ayleia seier desse punkta noko om kva forvaltningsrevisjon bør halde fokus mot. Fokuset bør vere å sikre tenlege styringssystem som igjen sikrar ei målretta og kostnadseffektiv drift. Det sentrale ved forvaltningsrevisjon, er vurderingar om resultata er i tråd med vedtak og føresetnader. I denne forstand er den resultatorientert, og ikkje avgrensa til undersøkingar av økonomi. Ein slik forvaltningsrevisjon er i stor grad ei evalueringa av kommunen si administrative leiing med vektlegging av tema som organisasjonen sitt kontrollmiljø, risikovurderinger, interne kontrollaktivitetar og tilsyn med desse.

I samanheng med dei siste endringane i kommunelova knytt til internt tilsyn og kontroll, §§ 74-81, vart det laga nye forskrifter til § 77 (kontrollutval) og § 78 (revisjon).

I forskrift om kontrollutval § 10 første ledd vart kontrollutvalet pålagt å lage ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert. Andre setning første ledd krev at kommunestyret sjølv vedtek denne planen, medan kontrollutvalet kan gjere endringar i planperioden etter delegering.

Andre ledd krev at kommunen identifiserar behovet for forvaltningsrevisjon i dei ulike kommunale verksemdene med utgangspunkt i ei *overordna analyse* basert på *risiko- og vesentlighetsvurderingar*.

Planverket skal vere basert på ei overordna analyse med det føremål å skaffe fram relevant og nødvendig informasjon slik at kontrollutvalet kan legge ein plan over kva for teneste- og temaområde som har behov for ein systematisk gjennomgang. I lovforarbeidet vart det sagt at analysen skal vere overordna og heilskapleg, samt gjennomført på kort tid med ein beskjeden ressursinnsats. Analysen er sett på som internt arbeidspapir som kan haldast unna offentlegheit.

I kraft av å ha det overordna tilsynsansvar i kommunen, kan kommunestyret gi instruksar om igangsetting av prosjekt. I mangel av slike avgjer kontrollutvalet sjølv områda som skal vere gjenstand for forvaltningsrevisjon. Kravet om at kommunestyret sjølv skal vedta innhald og omfang av forvaltningsrevisjon er knytt til ein intensjon om at kommunestyret bør ha ei aktiv og bestemmande rolle. Det at kommunestyret har ein rett til å gi detaljerte instruksar er likevel ikkje det same som ei plikt. Om kommunestyret legg opp til ein omfattande bruk av instruksar bryt ein med intensjonen bak det å opprette eit utval der forvaltningsrevisjon er ei viktig arbeidsoppgåve.

Oppgåvene til kontrollutvalet med forvaltningsrevisjon følgjer av kapittel 5 i forskrift om kontrollutval, §§ 9-12. I § 9 er det presisert at:

*"Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med bestemmelsene i dette kapittel."*

Kjerneoppgåvene til kontrollutvalet i samband med forvaltningsrevisjon er:

- Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon, § 10.
- Rapporter om forvaltningsrevisjon, § 11.
- Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporter, § 12.

Den type av revisjonstenester som forvaltningsrevisjon sorterer under, har både nasjonalt og internasjonalt endra seg mykje dei siste åra. Eit risikobasert utgangspunkt for val av prosjekt er ei tilnærming som sikrar god og nyttig revisjon. Av den grunn stiller forskriften krav om val av prosjekt basert på *risiko- og vesentlighetsvurderingar*.

Vedlagte plan for forvaltningsrevisjon bygg på dei prinsippa som regelverket føreset og det er gjennomført spørreundersøkingar med tanke på å finne dei mest optimale revisjonsområda. Det går fram av plandokumentet at det kan pårekna 2 – 3 forvaltningsrevisjonsprosjekt. Prosjekta er lista opp nedanfor i prioritert rekkefølgje.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kommunestyret med forslag om slik

#### **innstilling :**

1. Sakshandsaming byggjesaker
2. Barneverntenesta
3. IKT - internkontroll
4. Refusjon sjukepengar
5. Sjukeheim (for eksempel kvalitet eller tildeling av plassar)

Kontrollutvalget får delegert mynde til å vedta eit meir spesifisert prosjektinnhald innanfor kvart tema som kommunestyret gjer vedtak om.

Harald Rogne  
dagleg leiar

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 15.10.2012

**SAK 13/12  
EVENTUELL GJENNOMGANG AV TEMA FRÅ UTVALA SINE MØTEBØKER**

I sak 08/12 vart arbeidet med gjennomgang av fagutvala sine møtebøker fordelt på medlemmane i kontrollutvalet. Dersom dette arbeidet har kome i gang, kan ei oppsummering bli gjort i møtet.

Harald Rogne  
dagleg leiar